

Bygdebok for Alversund
v/ Inge Alver
5914 Isdalstø
Org. nr. 919 550 163

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
21 NOV 2018	
Ark. saksnr. 15/648	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

Seim 16.11.2018

Lindås kommune
kultur- og aktivitetseininga
dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

TILSKOT TIL SKRIVING AV BYGDEBOK FOR ALVERSUND

Me viser til brev frå dykk 8.9.2017 (15/648 – 17/24876).

Framdrifta i bygdebokarbeidet går etter planen, og manus for den delen av Alversund sokn som ligg på Radøy er ferdig.

Me viser til rapport frå bygdebokskrivar Anders Haugland 2.11.2018 som fylgjer vedlagd, og oppmodar om utbetaling av den avsette summen til vår bankkonto 3632 60 49055.

Med helsing
Bygdebok for Alversund


Jostein Mykletun

Rapport om bygdebokarbeidet

Radøy-delen av Alversund er no skriven ferdig. Dette vil seia gardsnr. 130 Fjellsenda, 131 Remme, 132 og 133 Soltveit, 134 Hilland og dei to holmane 135 Smedholmen og 136 Kongsøy. Alt er sendt over til bygdebokutvalet.

Aktuelle utdrag av manus er sende til dei er som er omtala i vår tid (som regel ein i kvar familie). Berre for Hilland dreier det seg om 235 brev (+ nokre epostar). Nødvendige korreksjonar i teksten blir gjort etter kvart som rettingar kjem inn.

Til saman er det skrive 164 sider med rein tekst. Etter mi røynsle med slikt arbeid kan dette tilsvare kring 230 boksider (med foto). Eg reknar med at så langt er ca. 1/3 av bygdeboka for Alversund er ferdigskriven.

No tek eg til med Selevoll og Litlekare lengst nord på fastlandssida. Framdrifta i arbeidet skal vera i samsvar med planen om ferdiggjering og utgjeving av boka i 2021.

Ølen 2. november 2018
Anders Haugland